



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Jærrådet

**Møtestad:** Time rådhus, formannskapssalen

**Møtedato:** 17.02.2017

**Kl. 09.00**

---

Eventuelt forfall må meldast til politisk sekretariat på e-post:

[Politisk.sekretariat@klepp.kommune.no](mailto:Politisk.sekretariat@klepp.kommune.no) eller tlf: 51 42 98 64 / 98 30 / 98 29

Varamedlemmer møter etter nærare avtale.

## SAKSLISTE

Saksnr.	Tittel	side:
1/17	MØTEPROTOKOLL 02.12.16 - GODKJENNING	2
2/17	INTERKOMMUNALT SAMARBEID	3
3/17	ORIENTERING - GREATER STAVANGER V/TOR ARNE BORGE	6
4/17	ORIENTERING - JÆREN PRODUKTUTVIKLING V/PER KVERNELAND	7
5/17	EVENTUELT	8

Klepp kommune, 08.02.2017, oppdatert 14.02.17 (sak 2/17)

Ane Mari Braut Nese  
leiar Jærrådet

Torild Lende Fjermestad  
sekr.



Jærrådet

Møtedato: 17.02.2017

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Wigdis B Detlie  
Arkivsaksnr.: 17/300 - 1

Arkiv: 036 &85

## MØTEPROTOKOLL 02.12.16 - GODKJENNING

### Vedlegg:

- Møteprotokoll 02.12.16

Kleppe, 08.02.2017

Torild Lende Fjermestad  
sekretær for Jærrådet

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Jærrådet

Møtedato: 17.02.2017

**SAKSFRAMLEGG****Saksbehandlar:** Torhild Lende Fjermestad  
**Arkivsaksnr.:** 17/300 - 2**Arkiv:** 036 &85**INTERKOMMUNALT SAMARBEID****Bakgrunn for saka:**

**Vedtak frå Jærrådet 30.09.16: « Jærrådet drøfta saka og ber rådmennene utarbeide ei analyse om interkommunalt samarbeid for å identifisere område som bør utgreiast med tanke på mogleg samarbeid.»**

I møtet i Jærrådet den 02.12.16, informerte rådmannen i Time om status for arbeidet. Rådmennene vil jobba vidare med saka og koma tilbake med ny statusrapport til møte i Jærrådet 17.februar 2017.

Rådmennene har nå hatt ein prosess internt i eigne kommunar saman med rådmennene sine leiargrupper. Deretter har rådmannsnettverket drøfta og prioritert aktuelle samarbeidsområde.

Målet har vore å identifisera område der samarbeid vil kunne gje betre tenester enn kommunane kan gje kvar for seg.

Desse kriteria blei lagde til grunn:

- Brukarbehov
- Tilstrekkeleg kompetanse
- Sårbarheit
- Kapasitet
- Effektiv tenesteproduksjon
- Utviklingskraft

SWOT-analysen av tenester som låg til grunn for utgreiinga om kommunestruktur og for intensjonsavtalen om Jæren kommune, synleggjorde nokre område der kommunane er sårbare når det gjeld kapasitet og kompetanse. Desse områda har i hovudsak blitt lagde til grunn i rådmennene si vurdering av aktuelle interkommunale samarbeidsområde.

Rådmennen har også vore opptekne av at vi nå ikkje må starte opp ein ny «kommunereform light» etter resultatet av kommunereforma. Sandnes har også ein situasjon der dei skal avklare ny kommune med Forsand, og har fokus der.

**Aktuelle samarbeidsområde som er drøfta****BARNEVERN**

Hå, Klepp og Time har etablert ei felles tiltaksavdeling. Det same har Sandnes og Gjesdal. Dette er etter ein tidligare prosess i regi av Jærrådet. Eit vidare samarbeid innan barnevern bør vurderast etter erfaringar med interkommunale tiltaksavdelingar.  
Forslag: Ikkje aktuelt nå.

#### IKT

Det er eit ønskje frå alle kommunane om å utgreie eit samarbeid om IKT innan heile kjeda: Innkjøp, drift, brukarstøtte og strategi.

Dersom vi går for dette, blir det eit omfattande arbeid som rådmennene tilrår må forankrast i eigen organisasjon med rådmenn og IKT sjefar først. Ekstra ressursar i forhold til prosjektleiing må vurderast når ein ser kor mange område og kor omfattande arbeidet blir.

Her skjer utviklinga fort, og vi er opptekne av å koma i gang med konkrete handlingar, og ikkje berre utgreiing. Det kan vera spanande å pilotera det som i dag er Stavanger modellen, og at den med vår tilpassing og vidareutvikling, kan bli Jærmodellen.

Forslag: Aktuelt for alle kommunane.

#### SMART KOMMUNE/ DIGITALISERING

Kvar kommune utarbeider nå eigne strategiar, men eit samarbeid i regionen er heilt nødvendig for ei smart regional samfunnsutvikling og for å kunne dela smarte løysingar og utvikla nye saman, her har Jærrådet allereie utfordra mellom anna Greater Stavanger.

Forslag: Vi tilrår at dette blir følgt opp.

#### PSYKOSOSIALT KRISETEAM OG LEGEVAKT

Time og Klepp har i dag eit felles psykososialt kriseteam knytt opp mot felles legevakt.

Sandnes og Gjesdal ønskjer å inngå i samarbeidet. Desse fire kommunane har allereie ei felles legevakt på natt.

Klepp og Time er nå igang med ei utgreiing mot å samla legevakt på dag/kveld /natt med Sandnes.

Det er primært ny «akutforskrift» som legg ein del nye føringar for legevakt som vil tilseia større og meir robuste einingar. Saka skal behandlast politisk i Klepp og Time, og dette må ein sjå på i samanheng med dei vedtak som blir fatta.

Forslag: Avventar vidare arbeid til etter politisk behandling i Time og Klepp i mars 2017.

#### SAMLOKALISERING AV NORSK OPPLÆRING

Eit mål ved å samle språkopplæring må handla om effektivisering av dei ulike språkopplæringsløpa og betre tilpassing til den enkelte sine behov ut frå tidligare skulegang og utdanningsnivå. Kor store einingane må vera for å få slike stordriftsfordelar og om dette er effektivt i forhold til organisering og geografisk avstand må vera gjenstand for analyse.

Dette gjeld for Hå, Klepp og Time.

Forslag: Hå, Klepp og Time set i gang eit analysearbeid.

#### EIGARSKAPSSTRATEGI

Rådmennene tilrår at Jærrådet tek ei rolle for felles opplæring av valde representantar til styre og representantskap. Dette for å sikra eit aktivt, bevisst eigarskap i tråd med eigarskapspolitikk og eigarstrategi.

Forslag: Avventar diskusjon i Jærrådet.

#### LANDBRUK

I 2002 blei det gjort ei utgreiing om felles landbrukskontor kalla «samarbeid om landbruksforvaltninga på Jæren» Dette meiner vi er eit av dei områda, etter nei til Jæren kommune, der vi bør prioritera ei utgreiing med tanke på eit breitt interkommunalt samarbeid. Dette er ei stor og viktig næring av nasjonal betydning, men med forholdsvis få tilsette i kvar kommune. Landbruksforvaltninga kan då bli fagleg styrka både innan forvaltning og på det næringsfaglege området, og trekke opp langsiktige strategiar for å styrke næringa for framtida. Den nye landbruksmeldinga, som skal behandlast i Stortinget om ikkje så lenge, skisserer muligheit for å flytte nokon oppgåver over frå kommunane (i hovudsak på kontrollside) til ein

regional instans. Dette kan bety at kommunane sine oppgåve på det økonomiske området kan bli endra /reduert i løpet av eit par år.

Forslag: Rådmennene tilrår ei utgreiing innan dette området for dei fem Jærrådskommunane.

PPT

Time har fått ein førespurnad frå Klepp om ei felles PPT teneste.

Det var ei føresetnad frå Time at dette og skulle inn i Jærrådsdrøftinga.

Forslag: Klepp og Time går saman om ei utgreiing.

#### **Andre område som har vore drøfta**

Rådmennene har vurdert fleire område for samarbeid, men etter vurdering av kost/nytte vil ein ikkje tilrå å gå vidare med nye løysingar nå. Dette gjeld område som maskinpool, kjøkken, kulturskule, innkjøp, og advokatteneste.

#### **Innstilling:**

Ut frå rådmennene sine analysar, tilrår vi å gå vidare på følgjande område:

Vi tilrår felles utgreiing for dei fem kommunane innan områda IKT og landbruk.

Klepp og Time set i gong eit utgreiingsarbeid om felles PPT teneste.

Hå, Klepp og Time set i gong eit felles utgreiingsarbeid om samlokalisering av norskopplæring.

Jærrådet tar ei rolle for oppfølging av Eigarskapsstrategi.

#### **Forslag til vedtak:**

Jærrådet støttar innstillinga og tilrår å ta saka tilbake til respektive kommunar for politisk behandling og vidare gjennomføring.

Kleppe, 14.02.2017

Torild Lende Fjermestad  
sekretær for Jærrådet

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Jærrådet

Møtedato: 17.02.2017

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Wigdis B Detlie  
Arkivsaksnr.: 17/300 - 3

Arkiv: 036 &85

### ORIENTERING - GREATER STAVANGER V/TOR ARNE BERGE

Orientering om ruteutvikling på Sola flyplass som ein sentral del av omstillingsarbeidet i regionen. (Ca kl 10.00 - kl 10.20).

Kleppe, 08.02.2017

Torild Lende Fjermestad  
sekretær for Jærrådet

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Jærrådet

Møtedato: 17.02.2017

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Torild Lende Fjermestad  
Arkivsaksnr.: 17/300 - 4

Arkiv: 036 &85

## ORIENTERING - JÆREN PRODUKTUTVIKLING V/PER KVERNELAND

Presentasjon av resultatene for 2016 og planane for 2017 i »Gründer arenaen».  
(Ca kl 10.30 - kl 11.00.)

Kleppe, 08.02.2017

Torild Lende Fjermestad  
sekretær for Jærrådet

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Jærrådet

Møtedato: 17.02.2017

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Wigdis B Detlie  
Arkivsaksnr.: 17/300 - 5

Arkiv: 036 &85

---

## EVENTUELT

Kleppe, 08.02.2017

Torild Lende Fjermestad  
sekr.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*